



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3126 - 22/79138

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
17.10.2022

Vedtak til klagevurdering - gbnr 137/818 Alver

Tiltak: Dispensasjon frå krav om gjenreising
Byggjestad: gbnr 137/818 Alver
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Inger Marie Jordal

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå krav i reguleringsplanen om gjenreising av ei lemstove på gbnr 137/818 i Alver.

I samband med utbygging av nye Alversund skule kjøpte Lindås kommune eit areal for å realisere ny veg til skulen, og lemstova vart plukka ned for å etablere vegkryss inn til skulen. Intensjonen har vore å gjenreise bygnaden på anna areal i nærleiken av låven på same eigendom.

Konstruksjonen er i dag midbehandla, og ligg lagra. Lemstova er opphaveleg datert 1856-57, og er ei tradisjonell lemstove beståande av to laftekassar i første etasje. Läftekassane var bunden saman med eit midtparti med inngang, gang med trapp til loftet/ lem, samt kjøkken. På lemman var det inndeling til soverom over laftekassane.


Gardsbruket lemstova høyrde til låg fint til i landskapet, og våningshuset var lokalisert på ein liten haug langs med hovudvegen til Alver og kyrka. På eigendommen står det i dag ei låve som er bygget om, og på, fleire gonger. Dei eldste delane av grindverkskonstruksjonen i denne bygnaden er datert til 1600-tallet.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i Områdeplan Alversund, del av gnr 137 og 138 plan ID_nr. 1263-200902 sin arealdel er definert som område for offentleg eller privat tenesteyting.

Eigendommen er også omfatta av kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 plan ID nr. 1263-201701.

Situasjonsplan/ ny veg til skulen



Opphavelog plassering



Dispensasjon

Det er krav i reguleringsplanen med omsyn til gjenreising av lemstova innan same omsynssone.

Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen, føresegn 10.6.6.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Mette Robertsen på e-post mette.robertsen@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent søknad om dispensasjon - gbnr 137/818 Alver

Søknad om dispensasjon frå krav om gjenreiseing av lemstova i Alversund - gbnr 137/818 Alver

Vedlegg 1 - OP Alversund Plankart

Vedlegg 3 - Situasjonsplan_plassering_lemstova_HFK_110319 - GODKJENT

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger